



DET KONGELEGE KOMMUNAL- OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

SIVA - Selskapet for industrivekst SF
Postboks 1253 Torgarden
7462 TRONDHEIM

Dykkar ref

Vår ref
20/52-2

Dato
6. januar 2020

Statsbudsjettet 2020 - Orienteringsbrev til Siva om midlar til administrasjon og gjennomføring av regionale oppdrag

Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) vil med dette brevet orientere om løysinga for utbetaling av midlar til administrasjon og gjennomføring av fylkeskommunale oppdrag over kap. 553, post 61 "Mobiliserende og kvalifiserende næringsutvikling".

Fylkeskommunane får frå 2020 oppdragsgjevaransvar for Bedriftsnettverk, Mentortenesta for gründarar, og Landsdekkande etablerartilskot i regi av Innovasjon Noreg, og Inkubasjonsprogrammet og Næringshageprogrammet i regi av Siva. Tidlegare kap. 550, post 62 "Bedriftsrettede låne- og tilskuddsordninger i distriktene" er òg lagt inn i denne posten.

Føremålet med å overføre oppdragsgjevaransvaret frå staten til fylkeskommunane, er å gjere det mogleg med ei regional tilpassing av innsatsen under desse ordningane.

Fylkeskommunane får ansvaret for å utforme og dimensjonere oppdrag til Innovasjon Noreg og Siva i sitt fylke ut frå regionale behov og prioriteringar. Føremålet med oppgåveoverføringa er i tillegg å tydeleggjere arbeidsdelinga mellom staten og fylkeskommunane i næringspolitikken.

Departementet tildeler fylkeskommunane til saman 763,3 millionar kroner over kap. 553, post 61. Løyvinga inkluderer midlar til administrasjon og gjennomføring for den fovaltinga Innovasjon Noreg og Siva gjer av ordningane.

For Siva vil departementet overføre dei samla midlane til administrasjon og gjennomføring direkte til Siva på vegne av fylkeskommunane. For 2020 utgjer dette 15,8 millionar kroner. Beløpet er fastsett i dialog mellom fylkeskommunane, Siva og departementet. Vederlag for

Postadresse
Postboks 8112 Dep
0032 Oslo
postmottak@kmd.dep.no

Kontoradresse
Akersg. 59
www.kmd.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org.nr.
972 417 858

Avdeling
Regionalpolitisk
avdeling

Saksbehandlar
Anne-Merete
Halpern
22 24 72 66

særskilte oppdrag i enkeltfylke(r) knytt til programma som forprosjekt, pilotprosjekt eller liknande, må Siva avklare med den enkelte fylkeskommune.

Ved risiko for at faktiske administrasjons- og gjennomføringskostnader vil overstige berekna ressursbruk, skal Siva varsle fylkeskommunane om dette. Eventuell overstigande ressursbruk til føremålet, skal Siva avklare med fylkeskommunane, og ekstra midlar kan leggjast til neste års administrasjons- og gjennomføringskostnader.

Dersom Siva har ubrukte midlar til administrasjon og gjennomføring ved årets slutt, blir dette overført til neste års oppdrag.

Siva skal i årsrapporten rapportere årleg på dei faktiske administrasjons- og gjennomføringskostnadene, og kva tildelte midlar til administrasjon og gjennomføring er brukt til.

Departementet vil utbetale midlane til Siva på vegne av fylkeskommunane i to omgangar, i januar og august.

Departementet vil delta i dei nasjonale styringsmøta som fylkeskommunane som kollegium vil ha med Siva, og kan også, ved behov, delta i regionale styringsmøte mellom enkeltfylke og Siva.

Departementet viser til dei administrative føringane i oppdragsbrevet frå Nærings- og fiskeridepartementet til Siva for 2020 og retningslinjene som er utarbeidd for post 61, sjå vedlegg 1. Rapporteringskalender for 2020 er lagt ved oppdragsbrevet frå Nærings- og fiskeridepartementet.

Med helsing

Anne Karin Hamre (e.f.)
ekspedisjonssjef

Anne-Merete Halpern
seniorrådgjevar

Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar

Kopi

Agder fylkeskommune
Innlandet fylkeskommune
Møre og Romsdal fylkeskommune
Nordland fylkeskommune
Nærings- og fiskeridepartementet
Oslo kommune
Riksrevisjonen
Rogaland fylkeskommune
Troms og Finnmark fylkeskommune
Trøndelag fylkeskommune
Vestfold og Telemark fylkeskommune
Vestland fylkeskommune
Viken fylkeskommune